



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Notat 2-2011

Samfunnsrom og møtestader

Siren Skråmestø Juliusen og Mona Steinsland

Sogn og Fjordane fylkeskommune

1.0 Samfunnsrom og møtestader

Landskapet på Ornes har ulike samfunnsrom, der menneskets handlingar og eksistens føregår. Samfunnsromma tener som møteplass for dei fastbuande og som møteplassar mellom fastbuande og besøkande. Samfunnsromma kan også ha praktiske funksjonar, som til dømes hentepllass for fruktbilen. Samfunnsromma må ivaretakast på best mogleg vis i høve lokale ressursar, natur og kultur. Vidare følgjar ei skildring av viktige samfunnsrom og møteplassar på Ornes.

1.1.1 Ferja og kaien

Kaien er besøkande og turistane sitt fyrste møte med Ornes. Ferja og kaien bør styrkast i takt med utvikling av lokalsamfunna på Ornes og i Solvorn. Opprusting av kaien bør bidra til å styrka særpreget med å ha samferdsel over, og på tvers av, fjorden. Kaien bør og vere utforma på staden og folk sine premiss i mennesket sin storleik. Kaien bør vera inviterande og innehalda informasjon om staden som omhandlar historie og attraksjonar. Gjerne i form av plakatar om Ornes i makro, meso og mikro relasjon til natur og kultur, landskap, klima og historie.

Kaien bør elles innehalda primære funksjonar som grovt bad/toalett, billettkontor og varmestove. Varmestova kan fungera som samtale og møteplass innomhus i relasjon til uteplassen, fjorden og strandsona. Det bør og liggast til rette for butikk (for sal av lokal mat og andre hovudingrediensar) og post, eventuelt for bakeri, suvenirutsal m.a.

1.1.2 Rastepllassen

Svingen ved fylkesvegen skal fungere som rasteplass og parkeringsplass for tilreisande og besøkande på Ornes. På grunn av lite parkeringsplassar ved kyrkja, vert det oppmoda om at alle som er friske til beins set frå seg bilen her og går opp.

Innersvingen (ved sandtaket) vert brukt av dei lokale gardbrukarane på Ornes til lasting av frukt på fruktlagra sine lastebilar i sesongen. På denne staden vert det om sommaren også seld nyplukka frukt og bær.

Den nye utforminga og plasseringa av parkeringsplassen og rasteplassen i yttersvingen midt på Orneset er ugunstig. Den bryt med, og flatar ut, det bratte landskapet og den grøne bakken som er sentrale verdiar for Ornes.



Figur 1. Rasteplassen. Plassering og utforming av bygga sperrer for utsikten.
Foto: Mona Elisabeth Steinsland/Sogn og Fjordane fylkeskommune

Plassen er tillaga primært for bilar, medan overbygget tek mykje merksem. Bygget står i syninga til Solvorn og det store landskapet som omgjев Orneset, og hindrar fritt utsyn frå store delar av parkeringsplassen og vegen.

Utkøyringa er plassert i skifte frå nedre til øvre kultursone/ jordbrukszone og bryt neset og den samanhengande bakken i to. Plassen bidreg ikkje til å sjå stadens relasjon til Solvorn. Den kan gjerast meir attraktiv som møtestad og "til ein pust i bakken" for lokale eller tilreisande.

Arkitekturutforminga på staden bør framheve lokale kvalitetar og særpreg, og skape ein unik og attraktiv kvile- og stoggeplass som styrkar opplevinga av, og interessa for Ornes.

1.1.3 *Ornes Bedehus, Fredly*

I 1959-60 vart bedehuset, Fredly, sett opp. Det vart nytta material frå brakker ved Kinsedalsanlegget. Huset vart teken i bruk i 1960, men huset vart ikkje vigsla før i 1965. Då vart også uthuset bygd. I tillegg til møter, sundagsskule og misjonsbarnelag, vart huset nytta til gudstenester og gravferder for Kinsedal og Ornes når det var for kaldt å vere i stavkyrkja. Frå 1964-68 vart vetlesalen nytta til skulestove for småskulen. Det er Urnes Kinamisjonslag, seinare Ornes misjonslag som eig huset.

1.1.4 *Skulehuset på Ornes*

I 1910 vart det gamle skulehuset i Kreken flytta til Ornes, og i 1914 var leikeplassen ferdig opparbeidd. Frå 1964 kom elevane frå Kinsedal og Kvalen hit med båtskyss. Skulen var i drift til på 1970-talet, då vart elevane flytta til Solvorn skule. Sidan då har huset vore grendehus.¹

Grendehuset ligg i bakken frå ferga mot kyrkja og har potensiale til å verte ein flott stoggeplass for besøkjande og fastbuande på Ornes.



Figur 2. Krossen. Foto: Mona Elisabeth Steinsland/Sogn og Fjordane fylkeskommune



Figur 3. Bedehuset på Ornes. Foto: Mona Elisabeth Steinsland/Sogn og Fjordane fylkeskommune



Figur 4. Skulehuset på Ornes. Foto: Siren Juliussen/Sogn og Fjordane fylkeskommune

¹ Alle data henta frå fylkesarkivet i Sogn og Fjordane <http://fylkesarkiv.no/> 1.nov 2011 - xx

1.1.5 Gardstuna

Tuna si plassering i landskapet er frå tida etter utskiftinga og er typisk for den tida si plassering av gardstun. Dette er ei plassering dei fleste i dag er godt kjend med, der eit våningshus, ein driftsbygning og gjerne eit par mindre uthus utgjer tunet. I dag er denne oppbygginga av gardstun i endring, men på Ornes er tuna karakteristiske for samfunnsromma og dei private romma. Tuna er private (private rom), men opne i samband med vegen og turisme. På Urnes gard er det kafédrift med anna, og i samband med auka turisme må gjerne fleire tun opnast.

1.1.6 Kafeen ved Urnes gard

Kafeen ved Urnes gard er i dag den einaste serveringsstaden på Ornes, og er etter ferga den staden med mest aktivitet på Ornes. Her møtast turistar og fastbuande og det er vanleg og halde lokale arrangement som bursdagar, informasjonsmøter med meir.



Figur 5. Kafeen på Urnes gard. Foto: Siren Juliussen/Sogn og Fjordane fylkeskommune

1.1.7 Visningssenteret

Visningssenteret for kyrkja ligg tett attmed Urnes gard med kaféen, og tener som billettkontor og turistinformasjon for Ornes. Visningssenteret har toalettet og to parkeringsplassar for rørslehemma. Elles er det lite parkeringsplassar i tilknyting til kyrkja og visningssenteret.



Figur 6. Visningssenteret på Ornes. Foto: Siren Juliussen/Sogn og Fjordane fylkeskommune

1.1.8 Urnes Stavkyrkje

Er som omtala i kap. 1.4 er plassert i skiljet mellom natur og kultur, i overgangen mellom innmark og utmark. Urnes stavkyrkje har ein klår posisjon øvst i samfunnet/øvst på neset og har ein klår maktposisjon i høve himmel - samfunn. Kyrkja er plassert slik i høve

historiske tradisjonar for kontakt med himmel og Gud. Urnes stavkyrkje står og i dialog med Solvorn kyrkje på vestsida av fjorden/Lustrafjorden.



Figur 7. Stavkyrkja i det store landskapet. Foto: Mona Elisabeth Steinsland/Sogn og Fjordane fylkeskommune

1.1.9 Støpulhaugen

Traktorvegen forbi Stavkyrkja fører opp til Støpulhaugen, og på denne staden kan folk sjå ned på kyrkja og den vert mindre viktig. Staden ligg øvst i skiljet mellom innmark og utmark. Her mistar stavkyrkja sin dominans, her er det dei naturgitte elementa, dei grøne mjuke bakkane, tre, steinar og berg som gjeld. Frå denne plassen og posisjonen ser ein fjord, fjell og himmel (naturen i makroskala), samt Solvorn i vest. Plassen gjev utsikt og kontakt til naturelementa og det store landskapet.



STØPULHAUGEN –

Staden over kyrkja er ein situasjon med utsyn og kontakt til naturelementa og det store landskapet. På plassen, ser ein ikkje sin eigen kvardag, eige samfunn og kyrkje.

Figur 8. Støpulhaugen. Foto: Mona Elisabeth Steinsland/Sogn og Fjordane fylkeskommune

1.1.10 Forslag til retningsliner i omsynssona

For å ivareta og styrke det store landskapet sin heilhet og stavkyrkjas kontekst så skal ein:

- utvikle konkrete objekt, handlingar og aktivitet i dialog med folk på staden
- vise, skisse og drøfte framtidige konkrete uttrykk og handlingar i full storleik (1:1), på staden
- bygge modell av Ornes som staden er pr. i dag (struktur 1), og synleggjere tankar om moglege tillegg og endringar i framtida (struktur 2)

unngå å:

- flate ut, fragmentere eller svekke det bratte og vertikale landskapet, den grøne bakken og neset
- flate ut, fragmentere eller svekke neset på langs, og langs med fjorden
- svekke den grøne bakken og neset som grønt kulturlandskap
- fragmentere eller dominere naturen, og allmenn tilgang til, natur- og kulturlandskap
- bryte eller bygge over rinda i det store landskapet
- bryte eller bygge ned rinda i det lokale samfunnsnittet